

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 10.06.16

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Haldis Lier

SAKA GJELD: **Status prosjekt for Stord og Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan(2016 - 2019)**

ARKIVSAK:

STYRESAK: 038/16

STYREMØTE: 17.06.16

Administrerende direktør si orientering pkt. 8

Stord sjukehus:

30.mai var det siste møtet i prosjektet som skal kome med tilrådingar for utviklinga ved Stord sjukehuset, i lys av den nasjonale helse og sjukehusplanen.

Prosjektet skal no slutføre arbeidet med dei endelege tilrådingane. Prosjektet legg før sommaren fram rapport og anbefalingar for prosjekteigarane, dei administrerende direktørane i Helse Fonna og Helse Vest. Prosjektrapporten skal også leggest fram for styret i Helse Fonna og styret i Helse Vest.

Prosjektet skal gi ei innstilling i fire punkt, Stord som akuttsjukehus, sjukehus i nettverk, stadleg leiing og forbettringspotensiale.

Når det gjeld Stord som akuttsjukehus, har dette skapt stor debatt. Prosjektgruppa vil tilrå å halde fram med tilbodet. Det same gjeld spørsmålet om stadleg leiing. Prosjektgruppa peiker likevel på at ein må arbeide vidare med organisering og samarbeid mellom sjukehusa i føretaket og mellom sjukehus og kommunane.

Odda sjukehus:

31. mai sa prosjektgruppa seg einig i å utvide prosjektet som skal kome med tilrådingar for utviklinga ved Odda sjukehuset. Denne utvidinga inneber at det blir meir tid til utgreiing og diskusjon knytt til det samla tilbodet ved sjukehuset og fleire skal delta i arbeidet (to deltakarar frå Odda sjukehus, ein frå prehospital teneste, i tillegg til arbeidsgrupper i kommunane og føretaket). Denne utvidinga av prosjektet er gjort i samråd med prosjekteigarane.

Prosjektet ynskjer blant anna å kome med tilrådingar når det gjeld modellar for å betre samhandlinga med kommunane. Denne samhandlinga er ein føresetnad for sjukehusstilbodet i eit område med eit

mindre befolkningsgrunnlag. Vidare vil prosjektgruppa utgreie akutfunksjonar, samarbeid, organisering og rekrutteringsutfordringar.

Mandatet til prosjektet blir no justert og møteplan for hausten sett opp.

